

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 13.08.2018  
Vår ref.: 2017/885-4  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.: 18/1900 - 18/11169

## **Kulturminnefagleg fråsegn - Landbrukssak - gnr 39 bnr 1 - Tveiten Nedre - Radøy kommune**

Me viser til brev datert 20.07.2018 med ovenfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Saka gjeld søknad nydyrking på gnr. 39, bnr. 1 Tveiten Nedre i Radøy kommune.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngår inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar av trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsmynde har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført så rakst som råd.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*